



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

## Møteinkalling

---

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR  
**Møtested:** Skype, Skype  
**Dato:** 04.10.2019  
**Tidspunkt:** 08:00

---



*Flott aure fra Rosskreppfjorden.*

## **Saksliste**

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>
AU 36/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 37/19	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 38/19	Orienteringssaker
AU 39/19	Heiplanen - innspel til handlingsprogrammet 2020 - 2024
AU 40/19	Søknad om landingsløyve for helikopter samt dispensasjon frå ferdelsfobod. Bratteland og Dysje jaktlag. SVR og Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde. Bykle kommune.
AU 41/19	Eventuelt

**AU 36/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**AU 37/19 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

**AU 38/19 Orienteringssaker**



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjh@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/8031-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 26.09.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	39/19	04.10.2019

## Heiplanen - innspel til handlingsprogrammet 2020 - 2024

### Vedlegg

- 1 Høringsbrev
- 6 Forslag til handlingsprogram 2020-2024, Heiplanen
- 6 Status og vurderingar handlingsprogrammet 2015 2018 Heiplanen
- 6 Fylkesutvalgsak Forslag til revidert handlingsprogram 2020-2024
- 6 Fylkesutvalg - Saksprotokoll

### Forvalters innstilling

Arbeidsutvalet har følgjande innspel til handlingsprogrammet for Heiplanen 2020 – 2024:

- For å sikre ei god og kontinuerleg oppfølging av Heiplanen bør fylkeskommunen vurdere om det skal øyremerkast ein stillingsressurs til dette.
- Arbeidsutvalet er kritisk til etablering av eit nytt segment av turistløyper i verneområda kalla *historiske vandruter*. Slike ruter vil i mange høve stri mot føringar om styring og kanalisering av ferdsel slik det er lagt opp til i forvaltningsplan og besøksstrategi for SVR. Fleire av desse går på tvers av heia gjennom sårbarer villreinområde. Om slike skal etablerast må det avgrensast til eksisterande merka turistløyper som allereie er lokalisert i dei gamle ferdselsårene og i område som toler meir ferdsel og aktivitet. Det må også vera eit krav at slik etablering vert ein del av kommunane sine sti- og løypeplanar.
- Verneområdestyret ønskjer ei rolle i planlegging og gjennomføring av dei årlege Heiplansamlingene. Det bør settast i saman ei breiare programkomite der også politisk side er representert.
- Arbeidsutvalet stiller spørsmål om behovet for ein felles kunnskapsportalen om heia. Ein slik portal er ressurskrevjande og dei fleste er godt kjend med kor ein hentar ut aktuell informasjon. I staden bør ressursane nyttast til å blåse liv i eksisterande nettside for Heiplanen ([www.heiplanen.no](http://www.heiplanen.no))



- Fylkeskommunane i samråd med kommunane avgjer behovet for revidering av Heiplanen. Arbeidsutvalet si vurdering er at det ikkje er behov for dette i komande fire-års periode og syner til vurderingar i saka.
- Prøveprosjekt *adaptiv løypeforvaltning av skiløyper* er nå i sin heilskap teken inn i verdiskapingsprosjektet der SVR er prosjekteigar. Dette bør kome fram i handlingsprogrammet.
- Rapporten frå det siste GPS-merkeprosjektet ligg nå føre. Tiltrådinga i rapporten bør forankrast i handlingsprogrammet. SVR er allereie involvert i oppfølging av nokre av desse. Dette gjeld flytting av Øyuvsbu turisthytte med tilhøyrande løypenett, nedlegging av Storsteinen turisthytte og omlegging av løypenettet kring Blåsjø, avgrensing av ferdsel på veg til Store Urevatn.

## Saksopplysninger

Vest-Agder fylkeskommune har sendt ut forslag til handlingsprogram for Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) på høyring. Høyringsfrist er 15.10.2019. Av høyringsbrevet går det fram at dei særskilt ønskjer innspel om:

- Tiltaka under satsingsområda inkl. økonomi, framdrift og samarbeid
- Nye tiltak og prosjekt som følgjer opp intensjonane i Heiplanen
- Pågåande prosjekt i regi av andre slik at ein sikrar god samhandling

Det er fire satsingsområde i Heiplanen. Det vert streka under at desse er forankra i Heiplanen og ikkje kan endrast no. Dette er:

1. Heilskapleg arealforvalting
2. Kommunal planoppfølging
3. Bygde- og næringsutvikling
4. Kunnskapsbasert planlegging og prosjekt

Under kvar av desse er det beskrive tiltak, omtale, økonomi, tid og initiativ/partnarskap. Sjå vedlegg 1 og 2.

Heiplanen omfattar areal både utanfor og innanfor verneområda SVR. Det er difor naturleg at arbeidsutvalet har ein mening om innhaldet i handlingsprogrammet. Verneområdestyret er også prosjekteigar for *Villreinfjellet som verdiskapar*. Fleire av tiltaka i prosjektet er aktuelle i høve til oppfølging av Heiplanen og handlingsprogrammet.

## Vurdering

### Generelle synspunkt



---

Verknadane av Heiplanen har i første rekke vore dei arealmessige føringane den har lagt på kommunal planlegging. I første rekke gjennom innarbeiding av ulike omsynssoner i arealdelen av kommuneplanane.

Det er Aust-Agder fylkeskommune som har koordineringsansvaret for oppfølging av Heiplanen, men utan at det er ein eigen stillingsressurs til dette. Kanskje ville ein fått ein betre gjennomføringsevne av planen om ein hadde vald ein modell tilsvarende Hardangervidda. Der er ein 15 % stilling i Buskerud fylkeskommune øyremerket dette. Mellom anna er drift av nettsida for planen er lagt til denne stillinga.

#### *Om dei konkrete forslag til tiltak i handlingsprogram*

##### Satsingsområde Bygde- og næringsutvikling - vurdering

###### *«Legge til rette for vandringsruter på tvers av heia langs dei historiske vandrerutene»*

I 2018 vedtok verneområdestyret besøksstrategi for SVR. Besøksstrategien gir konkrete føringar for lokalisering av nye stiar og løyper i verneområdet. Den peiker også på kommunale sti- og løypeplanar som eit viktig verktøy for styring og kanalisering av ferdsel. Fleire etablerte merka løyper og turisthytter er også i prosess i høve til flytting/nedlegging som til dømes Øyuvsbu og Storsteinen.

I ljós av dette vert det særstilt oppmerksomhet til det lokale samfunnet i verneområdet. Om det skal arbeidast med slike må det så fall vera eksisterande merka turistløyper som allereie er lokalisert i dei gamle ferdselsårene og i område som toler meir ferdsel og aktivitet. Det må også vera eit krav at slik etablering går i gang i løpet av kort tid. Det er også viktig at det blir etablert gode tilgangsveier til de nye løypeplanane.

##### Satsingsområde Heilskapleg arealforvaltning - vurdering

###### *«Heiplansamlinga/Møteplass villreinfjellet»*

Vidareutvikling av Heiplansamlinga er eit av tiltaka i verdiskapingsprosjektet der SVR er prosjekteigar. Konkret har bidraget vore at verdiskapingsprosjektet bidreg økonomisk til Heiplansamlinga samt i planlegginga av samlinga (arbeidsgruppe 2 i verdiskapingsprosjektet). Dette ut 2020 som er siste prosjektåret.

Uttalen kan vera eit godt høve til å drøfte om SVR, og ikkje berre gjennom verdiskapingsprosjektet, ønsker ei større rolle i gjennomføring av den årlege Heiplansamlinga. Heilskapleg forvaltning står sentralt både i SVR sine styringsdokument og i Heiplanen. Då er det også naturleg at ein bidreg på arenaer der areal både utanfor og innanfor verneområda er tema. Vidare er Heiplansamlinga den einaste årlege faglege og politiske møteplassen som samlar «alle» aktørane i heia. For SVR har det også vore ein viktig arena for å nå ut med informasjon om det som rør seg i verneområdeforvaltninga.



---

Så skal ein samstundes vera medviten på den rolla SVR har som forvaltningsmynde og der ein ikkje skal strekke si rolle ut i områda der kommunane har forvaltningsmynde.

I åra Heiplansamlinga har vore arrangert har det vore ønskje om større politisk deltaking frå kommunar og fylkeskommunar. Slik deltaking er viktig ikkje minst for å halde planen levande og aktuell, samt sikre forankring hjå kommune- og fylkespolitikarar. Eit første skritt på vegen bør vera å sette saman ein breiare programkomite der også politisk side er representert.

Forvaltar vil tilrå at verneområdestyret signaliserer at dei frå og med 2020 ønskjer ei rolle i gjennomføringa av Heiplansamlinga. I første rekke gjennom deltaking i programkomite samt praktisk gjennomføring av sjølve samlinga. Eventuelt økonomisk bidrag vil måtte takast frå driftsmidlar til verneområdestyret og vil difor vera opp til ein kvar tid sittande verneområdestyre.

#### *«Felles kunnskapsportal om hei»*

Det vert foreslått å lage eit «digitalt bibliotek» (kunnskapsportal) inn til eksisterande informasjon/kunnskap og kunnskapskjelder om natur- og kulturressursar samt kvalitetar i heiområda. Denne skal vera digital og med lenker til aktuelle kjelder.

Forvaltar stiller spørsmål om det er behov for ein slik portal. Den vil krevje monalege ressursar til både etablering og drift. Oppfatninga er også at forvaltninga er godt i stand til å hente aktuell informasjon frå dei datakjeldene som finnes utan å gå vegen om ein eigen portal.

Fylkeskommunane bør i staden få heimesida til heiplanen opp å gå att. Denne eksisterer i dag men vert ikkje oppdatert med nytt stoff etter at Heiplanen vart vedteken.

#### *«Revisjon av Heiplanen?»*

I handlingsprogrammet vert det stilt spørsmål om heile eller delar av Heiplanen skal reviderast. Første skritt på vegen vil i så fall vera gjennom ei vurdering i regional planstrategi.

Det er fylkeskommunane og kommunane som i første rekke må avgjere behovet for revidering. Sett frå forvaltar si side er det ikkje behov for å revidere Heiplanen. Dei arealmessige føringane som ligg i gjeldande plan synast å ha sett seg rimeleg godt kring i kommunane. Ei full revidering vil vera ei særskilt ressurskrevjande prosess og der ein vil få mange omkampar om arealbruk, i alle fall utanfor verneområda.

#### Kunnskapsbasert planlegging og utvikling

#### *«Prøveprosjekt adaptiv løypeforvaltning av skiløyper»*

Dette prosjektet er i sin heilskap teken inn i verdiskapingsprosjektet i SVR (arbeidsgruppe 4 *Kommunal sti- og løypeplan – adaptiv løypeforvaltning*)



### Andre tilhøve

I høyringsbrevet vert det beden om tips om pågåande prosjekt i regi av andre slik at ein sikrar god samhandling. Rapporten frå det siste GPS-merkeprosjektet ligg nå føre (NINA-rapport 1457). I denne ligg det tilråding om ei rekke tiltak som skal gjere heia «større» for villreinen. Tilrådingane i rapporten bør forankrast i handlingsprogrammet for Heiplanen. SVR er allereie involvert i oppfølging av nokre av desse. Dette gjeld:

- Flytting av Øyuvsbu turisthytte med tilhøyrande løypenett. Eigen arbeidsgruppe med mandat frå verneområdestyret jobbar med dette.
- Nedlegging av Storsteinen turisthytte og omlegging av løypenettet kring Blåsjø
- Avgrensing av ferdsel på veg til Store Urevatn i Bykle. Oppfølging saman med Bykle kommune.



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår ref.: 19/06876-6

Deres ref.:

Dato: 23.09.2019

— **Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Heiplanen  
Høyring av forslag til handlingsprogram 2020-2024**

Me inviterer til å koma med tilbakemeldingar på forslag til handlingsprogram, 2020 – 2024 for gjennomføringa av *Heiplanen*.

*Heiplanen* er ein regionalplan og eit regionalpolitisk styringsdokument for korleis få til ei berekraftig ressursforvalting og verdiskaping som ivaretak målet om levande bygder samstundes som me tek vare på heia som eit samanhengjande leveområde for villreinen. Tiltaka og prosjekta i handlingsprogrammet skal vera med å byggja opp under desse måla.

**Høyringsfristen er 15.10.2020.**

Tilbakemeldingar sendast til Aust Agder fylkeskommune epost: postmottak@austagderfk.no med kopi til

Telemark fylkeskommune, epost: post@t-fk.no

Vest Agder fylkeskommune, epost: postmottak@vaf.no

Rogaland fylkeskommune, epost; firmapost@rogfk.no

**Kva me ynskjer av tilbakemeldingar**

Det me oppmodar dykk til å koma med tilbakemeldingar på er forslaga til prosjekt/tiltak under kvart satsingsområde og korleis desse er føreslått med økonomi, tid og samarbeid. Me set pris på å få nye forslag til tiltak og prosjekt som følgjer opp intensjonen til Heiplanen.

Me set pris på at kommunane handsamar høyringa politisk slik at det vert ei god lokalpolitisk forankring av handlingsprogrammet. Det same gjeld verneområdestyret.

Me oppmodar dykk til å informera om pågåande prosjekt. Dette fordi alle tenkte og pågåande prosjekt og tiltak i Setesdalsheiane bør/må inn i handlingsprogrammet til Heiplanen. Det medverkar til ei god samhandling og eit godt samarbeid. Det gjer at når fylkeskommunane får søknader om støtte til ulike prosjekt så kan me vise til at desse er forankra i handlingsprogrammet til Heiplanen.

Me understrekar at satsingsområda er forankra i Heiplanen og kan ikkje endrast.

**FOLKESTYRE, KOMPETANSE OG SAMARBEID**

**Postadresse:**  
Postboks 517 Lund  
4605 KRISTIANSAND  
**E-postadresse:**  
postmottak@vaf.no

**Besøksadresse:**  
Tordenskjolds gate 65  
4614 KRISTIANSAND  
**Internettadresse:**  
www.vaf.no

**Telefon:**  
38 07 45 00  
**Organisasjonsnummer:**

Med vennlig hilsen

Bjørg Hellem  
Rådgiver, plan og miljø

Vedlegg: Forslag til handlingsprogram 2020-2040 Vurderinger av gjennomføring av handlingsprogrammet 2015-2018, Fylkesutvalgsak med saksprotokoll .

Adresselister:

Mottakere:

ÅSERAL KOMMUNE  
SIRDAL KOMMUNE  
HÆGEBOSTAD KOMMUNE  
KVINESDAL KOMMUNE

Kommunal og moderniseringsdepartementet  
Miljødirektoratet  
NVE  
Fylkesmannen i Agder  
Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Fjafjordheiane verneområde, SVR  
DNT Sør  
Statskog  
Villreinnemnda  
Agder historielag  
Bondelaget i Agder  
Bonde og småbrukerlaget i Agder  
USUS  
NOKU Agder  
Vest-Agder Museet  
Vest-Agder Jeger- og fiskeforbund



Blåsjø, Foto Preben Falck

## Heiplanen – forslag til revidert handlingsprogram 2020 - 2024



Melands Grønahei. Foto: Odd Inge Worsø

## INNLEIING

Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei er eit av dei ni prioriterte villreinfjella i Noreg. *Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei*, kalla **Heiplanen**, blei endeleg vedtatt og godkjend av fylkestinga i Telemark, Aust- og Vest Agder, Hordaland og Rogaland våren 2012. Miljøverndepartementet stadfesta planen våren 2013. Måla med Heiplanen er å oppretthalde og vidareutvikla levande bygder og samanhengjande leveområde for villreinen.

Heiplanen omfattar etter regionreforma fire fylkeskommunar og 18 kommunar. Agder fylkeskommune har koordineringsansvaret for å gjennomføra handlingsprogrammet. Heiplanen omfattar 7 verneområde. Retningslinene i Heiplanen og forvaltningsplanen for verneområda er samordna.

Handlingsprogrammet 2015 – 2018 vart godkjend i fylkestinga våren 2015. Det har ikkje vore oppe til årlege revisjonar. Det er laga ein eigen rapport som vurderer status og gjennomføringa av handlingsprogrammet 2015 – 2018.

Handlingsprogrammet er ei prioritering og konkretisering av handlingsplanen i Heiplanen med finansiering, tidsplan og ansvar. Det er fire satsingsområde: Bygde- og næringsutvikling, heilskapleg arealforvalting, kommunal planoppfølging og kunnskapsbasert planlegging og utvikling.

## Bygde- og næringsutvikling

I perioden 2019 – 2023 skal søkerlyset vera på utvikling, tilrettelegging og formidling av kultur, kulturmiljø og kulturarv i heia. Slik samfunns- og næringsutvikling styrkar bulysta, attraksjonskrafta til bygdene som reisemål og næringsutviklinga. Kultur gjelder heile spekteret av kulturminne og kulturmiljø. Kulturminna i heia er historiske teikn på bruk av naturressursane som næringsgrunnlag for bygdene. Dette gjelder både fysiske spor i landskapet og handverk, mat, historier og andre tradisjonar knytt til heia.



Dyregrav på austsida av Hovatn. Foto: Odd Inge Worsøe

PROSJEKT/TILTAK	SKILDRING	ØKONOMI	TID	INITIATIV/PARTNERSKAP
Legge til rette for korte og lange turløyper frå sentralt i bygdene.	Tiltaket sjåast i samanheng med kommuneplanlegginga og tilrettelegging av vandringsruter, stiar og løyper. Det skal leggast vekt på å få til opplevingsruter med å kople og formidle natur og kultur.	Arbeidsinnsats Midlar frå Kunnskapsprosjektet, SVR	2019 - 2023	<b>Fylkeskommunane</b> i samarbeid kommunane og SVR

	Tiltaket bør sjåast i samanheng med utvikling av attraktive tettstader.			
Kulturminne og kulturlandskap som verdiskaping.	<p>Utarbeide ein strategi for korleis kulturminne og kulturmiljøa i heia kan medverka til bygdeutvikling og verdiskaping.</p> <p>Gjerast med studentoppgåver. Om ikkje det er interesse – så blir dette tiltaket ikkje gjennomført i denne perioden</p>	Arbeidsinnsats 50.000	2020	<b>Rogaland fylkeskommune</b> i samarbeid kommunane, SVR og fylkeskommunane.
Legge til rette for vandringsruter på tvers av heia langs dei historiske ferdselsvegane.	<p><i>Historiske vandreruter</i> er eit nasjonalt satsingsområde og eit prosjekt kor Riksantikvaren, RA og turistforeininga sørger for at gamle ferdselsårer blir kjend for sin unike kulturarv og får nytt liv som attraktive turruter.</p> <p>Det er mange gamle ferdselsårer i Setesdalsheiane. Dette må sjåast i samanheng med sti- og løypeplanlegginga i kommunane</p> <p>Prosessen:            Etablere ei arbeidsgruppe            Forprosjekt med kartlegging av gamle ferdselsårer i Setesdalsheiane, forslag til organisering, budsjett og finansiering av eit hovudprosjekt.            Søke Riksantikvaren om midlar til gjennomføring av et hovudprosjekt – januar 2020. .</p>	200.000 – forprosjekt Arbeidsinnsats	2019 H.prosj. frå 2020?	<b>Rogaland fylkeskommune</b> i samarbeid Riksantikvaren, turistforeininga, kommunane og fylkeskommunane
Arbeidsverkstad for besøksnæringa.	Dette kom opp som eit konkret tiltak på arbeidsverkstaden for å få gode innspel til revidert handlingsprogram. Her er tanken å samle næringsutøvarane/reiselivsbedrifter rundt heile Heia for å bli kjent, utveksle erfaringar, vurdere om det er ynskjeleg med samarbeid om kva?	Arbeidsinnsats 50.000	2020	<b>Agder fylkeskommune</b> i samarbeid med reiselivsnæringa, kommunane og fylkeskommunane

Villreinen som kulturarv	<p>Dette er eit av delprosjekta i kunnskapsprosjektet til SVR.</p> <p>Det eksisterer svært mykje kunnskap om kulturarven som er knytt til villreinen i heia.</p> <p>Eksisterande kunnskap om kulturminne knytt til villreinfangst og villreinjakt finnast spreidd i eit utsal registreringar, rapportar og databasar, og er dermed vanskeleg tilgjengeleg.</p> <p>Kulturarvomgrepet omfattar i denne samanhengen både den immaterielle kulturen i form av segn, tradisjonar og jakthistorier, og den materielle kulturen i form av dyregraver, bågsteller, jakthytter, jaktvåpen mv.</p> <p>Villreinen inngår i svært liten grad i produkta til reiselivet i regionen. Det er og fleire døme på at villreinen blir sett på meir som eit trugsmål enn ein ressurs for lokalverdiskaping. Delprosjektet skal fokusera på å foredra den eksisterande kunnskapen til ei form som lokalt reiseliv kan ta i bruk i si verksemd. Eit av tiltaka er å utvikla ein brukarvenleg database med kartløysing som har kulturminne knytt til villrein som sitt hovudtema.</p>			<b>SVR</b> i samarbeid med reiselivsnæringa, kommunane og fylkeskommunane.
--------------------------	--	--	--	--

# Heilskapleg arealforvalting



*Hovatn mellom Ryfylke og Setesdalen. Foto: John Petter Nordbø*

Ei heilskapleg arealforvalting av Setesdalsheiane krev samhandling og samarbeid over fylkes- og kommunegrenser og mellom lokale, regionale og statlege forvaltingsorgan. Heia skal både vera eit leveområde for villreinen og eit næringsgrunnlag/ressursgrunnlag for levande bygder og lokalsamfunn rundt heia. Det er kommunane som har hovudansvaret for å legge til rette for samfunnsutvikling, næringsutvikling og verdiskaping med utgangspunkt i samfunns- og naturressursane.

PROSJEKT/TILTAK	SKILDRING	ØKONOMI	TID	INITIATIV/PARTNERSKAP
Heiplansamlinga/ Møteplass villreinfjellet fram til 2021	<i>Heiplansamlinga</i> er forankra i Heiplanen medan <i>Møteplass villreinfjellet</i> er forankra i Kunnskapsprosjektet til SVR. Det er ein politisk, fagleg og sosial møteplass for alle aktørane i heia. Det er	FK: 50.000 * 4 SVR: 20.000 årleg fram til 2021	Kvart år	<i>Fylkeskommunane</i> i samarbeid med SVR.  Aust Agder er koordinator for administrativt arbeidsutval og

	<p>og ein lærings-, samordnings- og samarbeidsarena. Samlinga blir arrangert kvart år kor fylkeskommunane rullerer på å være vertskap.</p> <p>Frå 2018 er SVR med som arrangør.</p> <p><i>Møteplass – Villreinfjellet</i> er eit av delprosjekta i det fire årige prosjektet frå 2017 til 2021 <i>Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell</i>.</p>	Arbeidsinnsats		programkomiteen for Heiplansamlinga/Møteplass villreinfjellet.
Ein felles kunnskapsportal om Heia.	<p>Kunnskapsportalen skal fungera som <i>ei felles dør inn</i> til eksisterande informasjon/kunnskap og kunnskapskjelder om natur- og kulturressursar og kvalitetar i heia. Kunnskapsportalen skal vera digital lenker til aktuelle informasjonskjelder/datakjelder som td. <i>Askeladden</i>. Kunnskapsportalen blir som eit digitalt bibliotek for Heia. Målgruppa er planleggjarar, næringsutviklarar, arealforvaltarar og lokalt næringsliv. Informasjon som er aktuell er alle typar kulturminne, kulturmiljø knytt til ferdsel på tvers av Heia, vasskraft, gruvedrift, stølsdrift, hausting av villrein, arealbruken til villreinen, verneområde, beitebruk, beitelag, lokal mat.</p> <p>Arbeidsprosessen:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Få på plass ei arbeidsgruppe med fagpersonar frå Villreinsenteret, Setesdalmuseet, kommunane, reiselivsnæringa, fylkeskommunane, fylkesmannen, SVR.</li> <li>2. Forprosjekt: Vurdera om det det er mogleg å etablera ein felles digital kunnskapsportal, korleis og kostnader. Utarbeide ei prosjektskildring for eit</li> </ol>	Kr 200.000 Arbeidsinnsats	2021 - 2023	<b>Agder fylkeskommune</b> i samarbeid med kommunane, fylkeskommunane, musea, fylkesmannen i Agder, SVR, Villreinsenteret.

	<p>hovudprosjekt – organisering, ansvar, budsjett og finansiering,</p> <p>3. Hovudprosjekt.</p> <p>4. Etablere og drifta kunnskapsportalen.</p>			
Revisjon av Heiplanen?	<p>Det skal gjerast ei vurdering om Heiplanen skal reviderast eller ei og eventuelt om kor omfattande revisjonen skal vera.</p> <p>Plan- og bygningslova krev at fylkeskommunane utarbeider ein regionalplan strategi for kvar ny politisk periode. I dette arbeidet skal det gjerast ei vurdering av alle gjeldande regionale planar, gjennomføring og om planane skal avsluttast eller reviderast.</p>	Arbeidsinnsats	2020	<p><b>Agder fylkeskommune i kommunane, fylkeskommunane, fylkesmenna, SVR, landbruks- og reiselivsnæringa.</b></p>

# Kommunal planoppfølging



Ungdomstur i Suldalsheiane. Foto: Helen Adamson

*Heiplanen* er retningsgjevande for kommuneplanlegginga. Kommunane skal leggja planen til grunn i den strategiske samfunnsplanlegginga og i arealplanlegginga. Fylkeskommunane, fylkesmenna og kommunane har ei plikt til å følge opp og gjennomføre planen. Fylkeskommunane skal vera planfaglege rettleiarar og setja *Heiplanen* på dagsorden i kommuneplanlegginga og synleggjera handlingsrommet i *Heiplanen* til lokal samfunns- og næringsutvikling.

Mål: Alle kommunane i *Heiplanen* har innarbeida omsynssonene i *Heiplanen* i kommuneplanane. Ved fyrste rullering

Alle kommunane I *Heiplanen* har planar for å styre den mjuke ferdselen, gange og sykkel. Planlegginga av stiar og løyper bør vera ein integrert del av kommuneplanlegginga, gjennomføringa bør integrerast i handlingsdelen til samfunnsdelen og ulike løypeplanar med innfallsportar bør innarbeidast i arealdelen til kommuneplanen.

Styrke regionalpolitisk og lokalpolitisk eigarskap til *Heiplanen*.

PROSJEKT/TILTAK	SKILDRING	ØKONOMI	TID	INITIATIV/PARTNERSKAP
Planlegge og legge til rette for turløyper	Føringane i <i>Heiplanen</i> : <i>Før kommunene kan videreutvikle hytte- og reiselivsområder med tiltak og/eller aktivitet som går inn mot NVO eller videre, må det utarbeides og vedtas kommunale sti- og løypeplaner.</i>	Midlar frå Kunnskapsprosjektet Til SVR  Arbeidsinnsats	2020 - 2024	SVR i samarbeid med kommunane, fylkesmenna, fylkeskommunane og Villreinsenteret.
Interkommunalt samarbeid om sti- og løypeplanlegging.	Planlegginga av sti- og løypeplanar bør og sjåast i samanheng med besøksstrategien til SVR. Planlegginga bør leggje vekt på å legge til rette for turløyper frå sentralt i bygdene. Slik er løypene med å styrkar bygdene som reisemål og slik det lokale næringslivet. Det bør leggjast vekt på å planlegge lette rundturar frå bygda og lengre vandreturar med ulike start og slutt punkt men sentralt i bygdene.  <i>Sti- og løypeplanar</i> er eit av prosjekta i prosjektet <i>Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell</i> . SVR er prosjekteigar			

Innarbeida omsynssonene i Heiplanen i arealdelen til kommuneplanane.	Heiplanen er ein regionalplan i medhald av plan- og bygningslova. Det inneber at Heiplanen er retningsgjevande for arealpolitikken i kommunane. Det gjeld arealet som ligg innanføre planområdet til Heiplanen. Kommunane skal innarbeida omsynssonene i arealdelen til kommuneplanane. Dette gjeld særskilt nasjonalt villreinområde	Arbeidsinnsats	2020 - 2024	<b>Kommunane</b>
--	---	----------------	-------------	------------------



Påsketur Stranddalen og Krossvatn. Foto Ståle Freyer

## Kunnskapsbasert planlegging og utvikling



Ungdomen og framtida i heia. Foto Eirik Schøien

All planlegging og utvikling skal vera kunnskapsbasert. Det er heimla i både plan- og bygningslova og i naturmangfaldlova. Hovudintensjonen med Heiplanen er å få til samanhengande leveområde for villreinen, og unngå barrierar for villreinen. Difor omhandlar det meste av kunnskapsproduksjonen til Heiplanen konsekvensar for villreinen og leveområda av samfunnsutviklinga og endringar i friluftslivet. Kulturminne og kulturmiljø er eit prioritert satsingsområde under *Bygde- og næringsutvikling*. Difor er kunnskap om kulturminne og kulturmiljø sett på dagsorden i handlingsprogrammet under *Kunnskapsbasert planlegging og utvikling*.

TIKTAK	BESKRIVELSE	ØKONOMI	TID	INITIATIV/PARTNERSKAP
Askeladden  Samle kunnskap om kulturminne i Setesdalsheiane/planområdet til Heiplanen.	<p>Askeladden er eit nasjonalt register særskilt for automatisk freda kulturminne men og for nyare kulturminne.</p> <p>Registreringar av kulturminne er forankra i rapporten frå 2011: <i>Kulturminner på Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei. En statusrapport</i>.</p> <p>Vest Agder fylkeskommune har hatt ansvaret for å oppdatere eit kulturminneregister. Dette er gjort for Agderfylka og delvis for Rogaland. I 2018 starta Vest Agder fylkeskommune med kontrollregistreringer av dyregraver i Bykle kommune. Det er og eit samarbeid med Arkeologisk museum i Stavanger. Prosjektet varer i fire år fram til 2022.</p>	Arbeidsinnsats	2020 - 2024	<b>Agder fylkeskommune/kulturarv – koordinerer.</b>
Leggja inn registreringane frå Fleirbruksplanen frå 1993 i Askeladden	Dette har Vest Agder fylkeskommune gjort. Det som står att er å få lagt inn desse for Rogaland og Telemark.			<b>Rogaland fylkeskommune</b> <b>Telemark fylkeskommune</b>
Arbeidsverkstad - Kunnskapsbehov – friluftsliv	<p>Kva konsekvensar har ulike typar friluftsliv på Heia som landskap, naturmiljøet, villreinen og verdiskapinga i bygdene.</p> <p>Samle fagfolk til ein arbeidsverkstad for å få fram kva me har og kva me eventuelt manglar av kunnskap for å legge til rette for eit berekraftig friluftsliv i heia.</p>	Arbeidsinnsats 50.000	2021	<b>Fylkeskommunene</b> i samarbeid med NINA

	Vurdera om eventuelt mangel på kunnskap skal løysast med forsking- få i gang eit forskingsprosjekt?			
Renewable reindeer (RenRein)	Delar av GPS merkeprosjektet 2013 – 2017 i Setesdal- Ryfylkeheiane blir følgd opp i RenRein prosjektet. Det skal gjerast simuleringar for å få fram konsekvensar av avbøtande tiltak. RenRein er utsett med eitt år slik at dei endelige resultata kjem våren 2020.			NINA
Villreinprosjektet <i>Setesdal Austhei 2018 – 2022, Brattefjell Vindegggen</i>	<p>Dette er eit nytt GPS merkeprosjekt og det tredje GPS merkeprosjektet i heia. Frå 2006 til 2010 var det eit felles prosjekt for Vestheia og Austheia. Frå 2013 – 2018 var det eit eige merkeprosjekt i Vestheia.</p> <p>GPS merkeprosjekta gir oss kunnskap om potensielle konfliktområde og blir eit godt kunnskapsgrunnlag i regional og lokal planlegging og framtidig arealbruk som tek omsyn til villreinen og samanhengjande leveområde.</p> <p>Det overordna målet i dette GPS prosjektet er å skaffe kunnskap som sikrar Austheia som eit godt fungerande villreinområde i framtida.</p> <p>Prosjektet er delt i desse arbeidspakkane:</p> <p><i>Beitebruk og kartlegging, Bjørnevatn og Formidling og kommunikasjon.</i></p>	100.000		<p>NINA er fagleg leiar. Villreinsenteret Sør er sekretariat og prosjektpartner</p> <p>Kommunane Bykle, Vinje, Valle, Tokke, Fyresdal, Bygland og Åmli Villreinnemnda</p> <p>Kraftselskap og linjenetteigarar</p> <p>Statens Vegvesen</p> <p>Turistforeninga, Fylkesmannen i Agder, Agder fylkeskommune</p>
Prøveprosjekt Adaptiv forvalting av skiløyper.	Dette er eit treårig prosjekt i Bykle kommune. Kommunen legg til rette for nye løypetrasear med retningsliner til tidspunkt og metode for oppkøyring. Prosjektet skal evaluerast i 2020.	Arbeidsinnsats	2019 - 2020	Bykle kommune i samarbeid med Agder fylkeskommune

12. april 2019

## **HANLINGSPROGRAMMET 2015 – 2018 TIL HEIPLANEN**

### **STATUS OG VURDERINGAR AV GJENNOMFØRINGA**

Handlingsprogrammet er ei konkretisering av handlingsplanen i Heiplanen med finansiering, tidsplan og ansvar. Når det står eigeninnsats, tyder det at fylkeskommunane skal bruka menneskelege ressursar til å gjennomføra handlingsprogrammet. Staten løvvde midlar til sjølv planarbeidet. Når Heiplanen var vedtatt og stadfesta av Miljøverndepartementet våren 2013, vart midlane som stod att overført til gjennomføring av handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet 2015 – 2018 vart godkjend i fylkestinga våren 2015.

Rogaland: Fylkestinget 21. april 2015, sak 60/15

Vest-Agder: Fylkestinget 16.juni 2015, sak 38/15

Aust-Agder: Fylkestinget 28. april 2015, sak 09/5255

Telemark:

Hordaland:

Vedtak i fylkesutvalet 8. april 2014/likelydande vedtak i alle fylkeskommunane: -

1. *Rogaland fylkeskommune anbefaler at udisponerte midler til gjennomføring av Heiplanarbeidet – kr 800 500 – anvendes til gjennomføring av Heiplanens handlingsprogram.*
2. *Aust Agder fylkeskommune er i henhold til planen koordinerende fylkeskommune. Aust Agder fylkeskommune anmodes om å forvalte avsatte midler til gjennomføring av handlingsprogrammet. Fylkesutvalget har ikke merknader til at arbeidsutvalget gis myndighet til å disponere midlene i henhold til gjeldende handlingsprogram for Heiplanen. Midlene kan disponeres over flere år.*

#### **Økonomi**

2015: Status	989 501,-
2015: Brukt	61 438,-
2016: Brukt	54 943,-
2017: Brukt	77 687,-
2018: Brukt	97.000,-

## Satsingsområda i handlingsplanen til Heiplanen

- Heilskapleg arealforvalting
- Kommunal planoppfølging
- Bygde- og næringsutvikling
- Kunnskapsbasert planlegging og prosjekt
- Varslingsrutinar

## Satsingsområdet Heilskapleg arealforvalting

Dette kan og sjåast på som eit mål. Klarer me ikkje å få til ei heilskapleg arealforvalting, så klarer me heller ikkje å oppfylle intensjonen til Heiplanen, som er å ivareta varige og samanhengjande leveområde til villreinen. Føresetnaden for ei heilskapleg arealforvalting er ei god samkjøring mellom statlege, regionale og lokale forvaltarar. Heia skal både vera eit leveområde for villreinen og eit næringsgrunnlag/ressursgrunnlag for levande bygder og lokalsamfunn kring heia. (Henta frå handlingsprogrammet)

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
<b>Heiplansamlinga</b>	Dette er ein politisk og fagleg møteplass for alle aktørane i heia. Heiplansamlinga som møteplass, lærings- og samordningsarena, skal evaluerast etter programperioden.	50.000*4/ 200/000	FKane	Innan juli kvart år

### Status: Heiplansamlingane

2018: 5. og 6. september Eikerapen, Åseral kommune. *Kunnskap og verdiskaping*

2017: 7. og 8. september Bykle kyrkjebygd, Bykle kommune. *Besøksforvalting*

2016: 21. og 22. september Haukeliseter, Vinje kommune.

### *Attraktiv reisemålsutvikling i fjellet*

2015: 17. og 18 september, Lysebotn, Forsand kommune. Næringsutvikling

2014: 10. og 11. juni, Kvæven, Sirdal kommune. *Markering av vedtatt og godkjend Heiplan*

2012: 18. og 19. oktober, Bykle kyrkjebygd, Bykle kommune.

### *Oppfølging av handlingsplanen i vedtatt regionalplan*


Heiplansamlinga har blitt flytta til tidleg haust grunna kollisjon med Heiedagane.

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
Samordning av Heiplanen og forvaltingsplanen for verneområda	Verneområda i Setesdalsheiane er ein del av det nasjonale villreinområdet. Verneområda blir forvalta i medhald av naturmangfaldlova og ein forvaltingsplan. Det nasjonale villreinområdet blir forvalta i medhald av plan- og bygningslova og Heiplanen. Det er difor ein føresetnad om målet er ei heilskapleg arealforvalting av heile heia, at desse to forvaltings- og styringsdokumenta er godt samordna.		Verneområde styret	2015

**Status:** Forvaltningsplan for SVR vart godkjent av Miljødirektoratet 14. april 2015.

Verneområdeforvaltarane/verneområdestyret meiner samordninga med Heiplanen er omfattande og god. Det kom eit tydeleg signal frå fylkeskommunane og kommunane tidleg i prosessen om at forvaltningsplanen ikkje måtte ha andre retningslinjer enn det Heiplanen har for nasjonalt villreinområde. Dette er følgd opp i forvaltningsplanen kor mellom anna retningslinene til bygg er like når det gjeld arealgrenser, restaurering m.m.. Verneområdestyret gjorde ein god jobb i høve til Miljødirektoratet for å få gjennom desse retningslinene i forvaltningsplanen. Miljødirektoratet meinte i utgangspunktet at dei var for liberale. Når det gjeld ferdsel, er retningslinene i forvaltningsplanen meir detaljerte enn i Heiplanen, men grunnprinsippa er dei same. Verneområdestyret forankrar prinsippet om kommunale sti- og løypeplanar for å få etablert nye løyper, sommar og vinter, i besøksstrategien. (Kjelde: Verneområdeforvaltar Alf Odden, 6 august 2018)

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
Heilskapleg besøksforvalting av villreinfjellet	Verneområda er ein del av det nasjonale villreinområdet i heiane. Verneområdestyret skal lage ein plan for besøksforvalting. Fylkeskommunane føreset at verneområdestyret tek utgangspunkt i ei heilskapleg besøksforvalting av villreinfjellet og brukar Heiplanen og det nasjonale villreinområdet som tilnærming i diskusjonane om innfallsportar, lokalisering av kva, kor og korleis osb.. Fylkeskommunen føreset at kommunane og fylkeskommunane involverast i oppstarten av planarbeidet og i sjølve planarbeidet.	100.000	Vernestyret	2015-2018



Kart som viser den geografiske avgrensinga til planområdet til Heiplanen, til nasjonalt villreinområde og til naturvernområda.

Det er Miljødirektoratet som oppmodar verneområdestyret i SVR til å utarbeida ein besøksstrategi. Føremålet er ei heilskapleg besøksforvalting av verneområda. Besøksforvaltning handler om å finne balansen mellom bruk av verneområder til turistnæringen, besøk og å ta vare på sårbare naturverdier. Kjelde: Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder, Miljødirektoratet, 2015). Alle nasjonalparkar skal ha ein besøksstrategi innan 2020. Rettleiaren skal medverka til at det vert laga besøksstrateiar for dei verneområda som har større utfordringar med beøksforvalting, uavhengig av vernekategori. Besøksstrategien skal vera ein del av og forankra i ein vedtatt forvaltingsplan for verneområdet.

#### **Besøksstrategi for SVR – Status og prosess**

##### Handsaming i verneområdestyret

Verneområdestyret for SVR vedtok prosjektplanen for arbeidet med besøksstrategi i møtet 16.6.2017.

Verneområdestyret godkjente høyringsutkastet i møtet 18.06.2018 og vedtokmog sende utkastet ut på høying.

På styremøta 15.11.2017 og 05.03.2018 har verneområdestyret drøfta framdrifta framdrifta i arbeidet.

##### Synfaring på utvalde punkt

Gjennom hausten har 2017 forvalningssekretariatet gjennomført synfaring på utvalde plassar lista opp under. Føremålet var å få betre lokalkunnskap og få innspel til tiltak på aktuelle innfallsportar.

- Knaben og Nesjen i (Kvinesdal kommune) – deltakarar frå kommunen samt grunneigarar
- Ådneram, Grauthellervatn og Håhellervatnet (Sirdal kommune) – deltakarar frå kommunen
- Eikeskog, Mån og Månafossen (Gjesdal kommune) – deltakarar frå friluftsråd og kommunen
- Røssdalen (Forsand kommune) – deltakarar frå kommunen
- Ritlandskrateret og Øystølsmyra (Hjelmeland kommune) – deltakarar frå kommunen og privat verksemd (Hjelmeland Spa hotell)
- Dam Rosskreppfjorden (Valle kommune)
- Hovden (Bykle kommune) – deltakarar frå kommunen samt Visit Setesdal

##### Regionale møte

Det er halden to regionale møte, eit i Forsand og eit i Valle. Eit tredje møte planlagt i Kvinesdal vart som følgje av få påmeldte slått saman med møtet i Valle. Til dei regionale møta vart friviljuge organisasjonar, reiselivsorganisasjonar, private verksemder, grunneigarlag/grunneigarsamslutningar, friluftsråd, rådgjevande utval for SVR, kontaktutvalet for Dyrægio mv, tilsynsutvalet for Lusaheia mv beden inn pr. mail. Møta vart i tillegg varsla i lokalavisene samt på kommunane og SVR sine heimesider. Føremålet med møta var å konkrete innspel til informasjons- og tilretteleggingstiltak.

##### Kontakt med grunneigarar

Grunneigarar og grunneigarlag som blir berørt av fysiske tiltak ved innfallsportane er førespurd i løpet av prosessen.

### Administrativt kontaktutval (AK)

I AK sit representantar frå administrasjonane i kommunane. AK er sentrale i høve til lokale innspel. Besøksstrategi har difor vore tema på møta i AK 1.6.2017 og 10.1.2018.

### Fagleg rådgjeving frå Miljødirektoratet

Det har vore ein god dialog med Miljødirektoratet gjennom heile prosessen med besøksstrategien. Miljødirektoratet har kome med faglege innspel før utkastet vart sendt på høyring.

### **Besøksstrategi for SVR i høve til handlingsprogrammet**

Eit hovudkriterium for utveljing av innfallsportar er at innfallsporten er lokalisert slik at ytterlegare besøk og tilretteleggingstiltak kan skje utan nemneverdige negative verknadar på verneverdiane og da kanskje særleg villreinen. Med unnatak av Brokke – Suleskardvegen med informasjonspunkt ved Håhellervatn ligg alle innfallsportane utan for verneområda og langt unna viktige funksjonsområde for villrein og andre sårbarer artar. Innfallsporten ved Håhellervatn vil bli lokalisert ved eksisterande parkeringsplass, toalett og informasjonspunkt ved Brokke-Suleskardvegen, og auka besøk her kan avlaste meir sårbare lokalitetar i nærleiken. På grunn av dette kriteriet har ein og valt og ikkje vidareutvikle to eksisterande innfallsportar med mange besøkande. Anleggsvegen til Store Urar i Bykle blir brukt av over 3000 bilar kvar barmarkssesong, men har allereie negativ innverknad på villreinen sin trekkaktivitet i området. Blåsjøvegen inn frå Gulling i Suldal kommune har ennå fleire besøkande, men denne anleggsvegen kan lede besøkande heilt inn i Steinbuskardområdet kor ferdelsen allereie er kritisk i høve til villreinen sine trekk i området.

Kommunane og fylkeskommunane har vore involvert i prosessen gjennom synfaringane, samt møta i verneområdestyret og Administrativt kontaktutval.

I høringsprosessen vil det og bli lagt opp til møter med kommunane.

Kjelde; Verneområdeforvaltar Alf Odden

Økonomi: Det er ikkje brukt økonomiske midlar frå handlingsprogrammet til arbeidet med besøksstrategi. Verneområdestyret har ikkje søkt om økonomisk støtte.

### **Endeleg godkjenning av Besøksstrategi for SVR 2019 – 2025**

Besøksstrategien for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, SVR, vart godkjend av Miljødirektoratet i desember 2018. Dei seier i godkjenningsbrevet: *Miljødirektoratet meiner at besøksstrategien gir ein grundig og strukturert oversikt over dei besøksstrategiske grepene som verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane ynskjer å gjennomføre i sine område. Det er ikkje ei enkel oppgåve å lage ein samla strategi for 16 verneområde, men dette er løyst på ein god måte her. Vidare fungerer det godt at kunnskapsgrunnlaget er lagt ved som vedlegg og berre samanstilt i hovuddokumentet.*

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
Samordning av heiplanen og regional plan for Hardangervidda for Vinje kommune	Telemark fylkeskommune kallar inn Vinje kommune og dei administrativt ansvarlege for Heiplanen og regionalplan for Hardangervidda med sikte på overføring av	Eigeninnsats	Telemark FK	2015

	arealsoener frå dei regionale planane til kommuneplanen			
--	--	--	--	--

**Status:** Telemark FK har ikkje kalla inn til eit slikt møte. Spørsmålet er om Vinje har integrert arealsoene/omsynssonene i kommuneplanen?

### Kommunal planoppfølging

Mål: *Alle kommunane i Heiplanen har innarbeida omsynsonene, nasjonalt villreinområde, villrein, trekkområde og bygdeutvikling, og retningslinene til desse i kommuneplanane. Ved fyrste rullering.*

Status – Heiplanen og kommuneplanane.

Kommune	Innarbeida omsynsonene og retningslinene i Heiplanen i kommuneplanen	Kommentarar – merknader – grunngi kvifor ikkje innarbeida omsynssone og retningslinene i Heiplanen.
<b>AUST-AGDER</b>		
Bykle	Ja	
Valle	Ja	
Bygland	Nei	Skal starta rullering i 2018/2019
Åmli	Ja	Omsynssonene er inne som retningsliner i kommuneplanen. Rullerast i 2019 (planstrategi).
<b>VEST-AGDER</b>		
Sirdal	Ja	Begge komunedelplanene som berører heirområdet har lagt inn hensynssone for bevaring naturmiljø tilsvarende Heiplanen i kartet og tekst i bestemmelsene: Sirdal Nord "Retningslinjene i Heiplanen skal legges til grunn ved vurdering av tiltak innenfor hensynssone bevaring naturmiljø". Sirdal Sør: "Bestemmelser/retningslinjer for Heiplanen skal legges til grunn ved plan/utbygging innenfor grensene til Heiplanen."
Kvinesdal	Ja	
Hægebostad	Nei	Heiplanens arealformål er ikke overført til kommuneplanen. Hægebostad kommune har ikke rullert arealdelen av kommuneplanen for dette området (komunedelplan Hekkfjell) siden heiplanen ble vedtatt
Åseral	Nei	Kommuneplanen er ikkje rullert etter at Heiplanen er vedtatt
<b>TELEMARK</b>		

Vinje	Ja /Nja)	Plankarta er oppdatert. Kommunedelplan Vågslid er rullert, handsama i KMD etter motsegn frå fylkesmannen
Tokke	Nei	Ligg i planstrategien
Fyresdal	Nei	Ligg i planstrategien
<b>ROGALAND</b>		
Suldal	Ja	I gjeldande kommuneplan ligg Nasjonalt villreinområde inne som omsynssone med slik føresegns: Innan denne sona gjeld føresegner og retningsliner vedteke i Heiplanen, regionalplan for Setesdal Vesthei og Austhei og Ryfylkeheiane, 2013.
Hjelmeland		
Forsand	Nei	Kommuneplanen er ikkje rullert etterat Heiplanen er vedtatt.
Gjesdal	Nei	Kommuneplanen reviderast og skal vedtakast i løpet av hausten. Kommunen har alt omsynssone for landskapsvern, som er det same som villreinområdet i Heiplanen. Har ikkje vurdert Heiplanen i KP samanheng.
<b>HORDALAND</b>		
Odda	Nei	Må gjerast i ny kommuneplan for Ullensvang kommune

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
Sti – og løypeplanar	Før kommunen kan videreutvikle hytte- og reiselivsområder med tiltak og/eller aktivitet som går inn mot NVO eller videre, må det utarbeides og vedtas kommunale sti- og løypeplaner. Henta frå Heiplanen. Kommunane kan søkje om støtte frå handlingsprogrammet til å gjennomføra planprosess og planarbeid. Det er laga retningsliner for å få støtte.	200.000 - Øyremerkat midlar frå MD	Kommunane	2015

Mål: Alle kommunane har planar for å styre ferdsel, turløyper og skiløyper. Ved fyrste rullering. Desse planane bør vera ein integrert del av kommuneplanlegginga og innarbeidast i kommuneplanane.

#### Status – løypeplanlegging i kommunane.

Kommune	Areal i Heiplanen - planområdet	I gang	Integrert i kommuneplanen	Kommunedelplan
<b>AUST- AGDER</b>				
Bykle	Planområde: 1466,31 km <sup>2</sup> Nasj. villreinomr: 1052,62 km <sup>2</sup> Hens. Villrein: 139,06 km <sup>2</sup> Bygdeutv: 274,63 km <sup>2</sup>	Ja	Ja	Ja
Valle	Planområde: 1265,50 km <sup>2</sup> Nasj. villreinomr: 844,45 km <sup>2</sup> Hens. Villrein: 151,56 km <sup>2</sup> Bygdeutv: 268,49 km <sup>2</sup>	Nei	Ja. Eksisterande og framtidige turvegar/turdrag ligg inne i arealdele n	Vedlegg til arealdelen. Vedtatt 22. juni 2016
Bygland	Planområde: 989,24 km <sup>2</sup> Nasj. villreinomr: 490,20 km <sup>2</sup> Hens. Villrein: 0,08 km <sup>2</sup> Bygdeutv: 498,99 km <sup>2</sup>	Nei	Innan 2020	
Åmli	Planområde: 205,30 km <sup>2</sup>	Nei	Nei	Nei

	Nasj. villreinomr: 0,15 km2 Hens. Villrein: 64,41 km2 Bygdeutv: 140,75 km2			
<b>VEST-AGDER</b>				
Sirdal	Planområde: 1352,48 km2 Nasj. villreinomr: 722,94 km2 Hens. Villrein: 59,57 km2 Bygdeutv: 569,97 km2			Sirdal har ikkje ein eigen sti- og løypeplan, den er innarbeida i kommunedel planane for Sirdal Nord og Sirdal Sør.
Kvinesdal	Planområde: 452,49 km2 Nasj. villreinomr: 141,60 km2 Hens. Villrein: 92,14 km2 Bygdeutv: 218,75 km2	Skal utarbeidast i samband med oppfølging av kommuneplanen og byggjeområde i nord.		
Hægebostad	Planområde: 152,37 km2 Nasj. villreinomr: 77,06 km2 Hens. Villrein: 18,21 km2 Bygdeutv: 57,11 km2	Nei		
Åseral	Planområde: 622,53 km2 Nasj. villreinomr: 272,17 km2 Hens. Villrein: 41,91 km2 Bygdeutv: 308,44 km2	Ja, har satt i gang arbeid med Kommunedelplan for friluftsliv Bortelid og Ljosland.	Nei	Kommunen held på med ein sti- og løypeplan for Ljosland og Bortelid
<b>TELEMARK</b>				
Vinje	Planområde: 550,60 km2 Nasj. villreinomr: 440,87 km2 Hens. Villrein: 57,68 km2 Bygdeutv: 52,05 km2	Ja	Kommunen	2017 - 2027
Tokke	Planområde: 554,71 km2 Nasj. villreinomr: 314,39 km2 Hens. Villrein: 0,31 km2 Bygdeutv: 240,02 km2	Nei		
Fyresdal	Planområde: 864,24 km2 Nasj. villreinomr: 404,54 km2 Hens. Villrein: 275,05 km2 Bygdeutv: 184,65 km2	Ja	Kartgrunnlag som vedlegg til kommunedelplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv	

ROGALAND				
Suldal	Planområde: 1019,24 km <sup>2</sup> Nasj. villreinomr: 673,44 km <sup>2</sup> Hens. Villrein: 162,05 km <sup>2</sup> <b>Bygdeutv: 183,74 km<sup>2</sup></b> <b>2. Maskinelt oppkøyrd skiløyper.</b> <i>Mosvatnområdet – Sandsa.</i> Dette er kommunen sitt viktigaste skiutfartsområde. Oppkøyring skjer etter faste loypetraser, m.a. lysloyper ved Gullinghuset og i Fjellbergskaret. Av omsyn til villreinen (jfr. Heiplanen 2013) må oppkøyring av loyper i området Reinsheia – Sandsa – Skipadalane berre skje dersom det ikkje er til sjenanse for denne. Vert det observert villrein i nærområdet til desse loypene, skal dette rapporterast til loypekoyrar/kommunen og loypekøyringa skal straks opphoyra. Statens Naturopsyn (SNO) har ansvar for registrering av villrein i dette området og rapportering til loypekoyrar. Det skal uansett ikkje koyrast loyper lenger enn Skipadalane.	Ja	Ja – Tekst under overskrifta Sti- og løypeplan står mellom anna:	Nei
Hjelmeland	Planområde: 748,73 km <sup>2</sup> Nasj. villreinomr: 533,77 km <sup>2</sup> Hens. Villrein: km <sup>2</sup> <b>Bygdeutv: 161,44 km<sup>2</sup></b>			
Forsand	Planområde: 676,99 km <sup>2</sup> Nasj. villreinomr: 375,54 km <sup>2</sup> Hens. Villrein: 119,20 km <sup>2</sup> <b>Bygdeutv: 182,25 km<sup>2</sup></b>	Nei	Nei	Nei
Strand	Planområde: 12,03 km <sup>2</sup> Nasj. villreinomr: km <sup>2</sup> Hens. Villrein: km <sup>2</sup> <b>Bygdeutv: 12,03 km<sup>2</sup></b>	Nei	Nei	Nei
Gjesdal	Planområde: 275,75 km <sup>2</sup> Nasj. villreinomr: 157,37 km <sup>2</sup> Hens. Villrein: 0,10 km <sup>2</sup> <b>Bygdeutv: 118,29 km<sup>2</sup></b>	Nei	Ikkje aktuelt i denne omgangen	Nei
HORDALAND				
Odda	Planområde: 192,80 km <sup>2</sup> Nasj. villreinomr: 162,21 km <sup>2</sup> Hens. Villrein: 11,81 km <sup>2</sup> <b>Bygdeutv: 18,79 km<sup>2</sup></b>	Delvis – men med hovudfokus på samanhengjande	Nei – men aktuelt i ny kommuneplan for Ullensvang kommune	Nei

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovedansvar	Tid
--------	-----------	---------	-----------------------	-----

Fagsamlingar for regionale og statlege plansakshandsam arar/koordinatorar og kommuneplanrettleiarar .	Få god innsikt i og ei felles forståing og tolking av retningslinene og rammene for utmarksnæringer i LNF område og omgrepet Landbruk Pluss. Få ei felles forståing av korleis kommunane kan bruka kommuneplanlegginga til å prioritera utmarka som ein av næringsutviklingsstrategiane i kommuneplanane. Hovudmål: God og heilskapleg planfagleg rettleiing til kommunane, uavhengig av fylke og uavhengig av om det er staten eller fylkeskommunen.	Eigeninnsa st	FKane	2016- 2018
---	--	---------------	-------	------------

Status: Det er arrangert ei slik samling.

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
Fagsamling (ar) for kommunane	Felles forståing og tolking av landbruk, landbruk pluss og utmarksnæringer. LNF og næringsutvikling i heia. Korleis bruka kommuneplanprosessen og kommuneplanlegginga til å leggje til rette for verdiskaping i utmarka?	200.000	FKane	2016- 2018

Status: Det er ikkje arrangert eigne fagsamlingar om tema. Det er tatt opp på ei av Heiplansamlingane.

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
Arbeidsverkstad	Det skal arrangerast ein arbeidsverkstad kor kommunane skal lære meir om korleis brukar konsekvensutgreiing i kommuneplanlegginga for å vekte villreinen og arealbruken til villreinen.	100.000 Øyremerk a midlar frå MD	FKane	

Status: Det er ikkje gjennomført ein arbeidsverkstad med søkelyset på konsekvensutgreiingar i kommuneplanlegginga og villreinfjellet.

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
Plandata til kommunane	Aust Agder FK rettleiar kommunane når det gjeld GIS og plandata. Når kommunane ber om det, sender dei SOSI filer med skildring av innhald og korleis innhaldet bør realiserast i kommuneplanane.	Arbeids Innsats 1 dag	Aust Agder FK 1 dag	

### Bygde- og næringsutvikling

Heiplanen har ingen mål og strategiar til bygde- og næringsutvikling. I handlingsplanen er det sett opp to tiltak. Det eine er å lage regionalplan(ar) for næringsutvikling i utmarka. Dette blir ikkje prioritert i denne fire års perioden. Det er kommunane som har hovudansvaret for å legge til rette for bygde- og næringsutvikling i kommuneplanlegginga. Heiplanen legg ikkje hindringar i vegen for næringsutvikling i utmarka når kommunen dokumenterer at næringsutviklinga ikkje er i konflikt med arealbruken til villreinen og retningslinene til omsynssonene.

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
Etablera europeisk villreinregion	Departementet har laga ei arbeidsgruppe som skal vurdera om det er mogleg å få til auka verdiskaping i villreinfjella. Arbeidsgruppa skal konkretisera korleis me kan bruka den norske og europeiske villreinhistoria til verdiskaping. Det skal også greiast ut om det er mogleg å få til samhandling mellom handlingsprogramma til alle dei regionale planane for di nasjonale villreinområda. Utgreiinga skal vera ferdig 1 juni 2015		Klima- og miljøverndepartementet. KLD	2015

### Status

Dei to europeiske villreinregionane vart formelt opna hausten 2017 av statssekretær i Klima- og miljødepartementet, Lars Andreas Lunde. Dei er delt i ein nordleg og i ein sørleg del og omfattar dei 10 nasjonale villreinområda.

Figur 1. Nasjonale villreinområder og forslaget til villreinregioner som fulgte mandatet.



Kilde: Andersen & Hustad (2004), revidert.

## Bakgrunn

Det var prosjektet *Villrein og samfunn* som føreslå å etablera to europeiske villreinregionar. Dette prosjektet ble gjennomført i 2003-2004 av Norsk institutt for naturforsking, NINA, på oppdrag frå Direktoratet for naturforvalting. Det vart laga ein prosjektrapport, *NINA temahefte 27 Villrein og samfunn – en veiledning til bevaring og bruk av Europas siste villreinfjell*. (Andersen og Hustad, red, 2004). Prosjektet føreslår fem pilarar for forvaltinga og utviklinga av villreinfjella i Norge.

- *Løfte villreinen frå menighet til samfunn*
- *Sterkere fokus på arealforvaltningen*
- *Slutt på bit for bit forvaltningen*
- *Større sammenhengende leveområder for villrein*
- *Tilrettelegge for berekraftig verdiskaping*

Det vart understreka at omsynet til villreinen må innarbeidast som premiss til næringsmessig bruk av villreinfjella, her og reiselivet. *Bevaringen av villreinen trenger ikkje gå på bekostning av mulighetene for å opprettholde og utvikle levende bygder omkring våre villreinfjell. Tvert imot må det legges til rette for at bevaring av villrein skal kunne virke som en forsterker og kvalitetsbudbringer for verdiskapningen i levende lokalsamfunn*. Råda frå *Villrein og samfunn* blei følgd opp i Stortingsmelding nr 26 (2006-2007), *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*. *Regjeringa vil sikre villreinens sentrale plass i norsk fjellfauna, gjennom regionale planer og etablering av europeiske og nasjonale villreinområder*. Våren 2007 bestilte Miljøverndepartementet regionale planar for villreinfjella/villreinområda frå

fylkeskommunane. Fylkeskommunane sa ja til bestillinga og alle desse regionale planane, til saman sju, er no vedtatt. Dovrefjell sist i juli 2017.

Våren 2014 oppnemnde Klima- og miljødepartementet for å greie ut om europeiske villreinregionar. *Etableringen av europeiske villreinregioner vil synliggjøre villreinens innvandringshistorie og bestandens genetiske fellestrekk, markere vårt ansvar for villreinen i Europa, samt understreke det helhetsperspektivet som er nødvendig i forvaltningen av villrein over store områder på tvers av fylkes- og kommunegrenser. Samtidig understrekkes det at etableringen ikke vil innebære endringer i de arealbruksstrategiene og retningslinjene som er nedfelt i de regionale planene.* (Kjelde: Bestillingsbrevet frå MD til fylkeskommunane, våren 2007)

Mandatet til arbeidsgruppa:

- *Fremme forslag til hvordan man skal etablere europeiske villreinregionar*
- *Utvike et forslag til en strategi for bred verdiskaping for europeiske villreinregioner, med mål om å skape vekst i reiselivet innenfor bærekraftige rammer. Med bred verdiskaping menes miljømessig, sosial og kulturell og økonomisk verdiskaping som gjensidig er avhengig av hverandre. Arbeidet bør sees i samanheng med det pågående arbeidet på departementsnivå med Nasjonal strategi for verdiskaping basert på natur- og kulturarven.*
- *Vurdere hvordan presentasjon av villreinens innvandringshistoie og historiske utbredelse i Norge kan utnyttes i denne samanheng gjennom samarbeid med og/eller oppdrag til relevante kompetansemiljøer*
- *Gi vurderinger og anbefalinger om samhandling med handlingsprogrammene i de regionale planen.*

Rapporten frå arbeidsgruppa, *Europeiske villreinregioner en strategisk satsing på villreinfjellet som ressurs for reiselivet. ØF – rapport 05/2015*. Hans Olav Bråtå (red) blei levert til klima- og miljøminister Tine Sundtoft våren 2015.

Hovudråda i rapporten:

- *Det bør etableres en bred satsing på Villreinfjellet som reiselivsprodukt. Dette blir en viktig del av historien om Norge.*
- *Det etableres to europeiske villreinregioner, en nordlig og en sørlig, som inkluderer de nasjonale villreinområdene og omfatter de berørte kommunene.*
- *Det etableres et eget femårig verdiskapingsprogram for reiselivet; Villreinfjellet som verdiskaper. Det sentrale er å utvikle den brede verdiskapingen via prosjektet som benytter villreinen og villreinfjellet som ressurs for reiselivet*
- *Villreinsentrene blir en ressurs i satsingen på reiseliv i de to europeiske villreinregionen.*

Anbefalingar frå Miljødirektoratet 26. november 2015:

- *De to europeiske villreinregionene etableres som beskrevet i ØF-rapport 5/15 så snart de nødvendige virkemiddelordningene er på plass*

- *Det viktigste virkemiddelet er etablering av programmet Villreinfjellet som verdiskaper som bør omfatte de 61 kommuner i 11 fylker som er omfattet av de regionale planene*
- *Handlingsprogrammene for de regionale planene bør utgjøre en viktig arena for implementering av en strategi for bred verdiskaping knyttet til villreinfjellet.*
- *I områder som omfattes av nasjonalparker og store landskapsvernområder må dette også samordnes godt med forvaltningsplaner og strategier for besøksforvaltning i verneområdene.*

### Verdiskapingsprogrammet Villreinfjellet som verdiskapar

Hovudelementet i etableringa av dei to europeiske villreinregionane er igongsetjinga av eit fem årig verdiskapingsprogram *Villreinfjellet som verdiskapar*. Det er Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet som forvaltar programmet. Hovudføremålet til programmet er ei brei verdiskaping kor kunnskapsproduksjon og kunnskapsspreiing om villreinen er eit av dei viktigaste tiltaka. Det er førebels sett av 5. millionar. Villreinsentra har rollene som rådgjevarar og rettleiarar for hovudprosjekta. Det vil seie oppfølging av prosjekta, gjennomføring av nettverkssamlingar osb.. Villreinsentra kan og vera ein partnar i prosjekta.

Stiftelsen Norsk villreinsenter ble opprettet i september 2006 og har som hovedformål å fremme bevaring og bærekraftig forvaltning av villreinbestandene og villreinfjellene i Norge. Stiftelsen har to driftsenheter: Norsk villreinsenter Sør på Skinnarbu i Tinn kommune, og Norsk villreinsenter Nord på Hjerkinn i Dovre kommune. Hvert av sentrene har sin definerte villreinregion som geografisk ansvarsområde (hhv sør for og nord for Sognefjorden). Kjelde: [villrein.no](http://villrein.no)

**Hovudmål:** Programmet skal bidra til bred verdiskaping i de europeiske villreinregionene gjennom berekraftig utvikling av reiseliv basert på villreinen og villreinfjellet som ressurs.

Villreinfjellet som verdiskaper er et nytt program med formål å stimulere til bred verdiskaping knyttet til de ti nasjonale villreinområdene, særlig innrettet mot ulike deler av reiselivet. Programmet skal bidra til en god gjennomføring av de regionale planene, og til å utvikle og spre kunnskap om villreinen og villreinfjellet til ulike målgrupper. Kjelde: [Villrein.no](http://Villrein.no)

**Delmål 1:** Programmet skal vise hvordan villreinfjellet kan bidra til verdiskaping til beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn og regionen

**Delmål 2:** Programmet skal samspille med og bidra til god gjennomføring av de regionale planen for nasjonale villreinområder.

Den som skal söke om å bli eier av et hovedprosjekt må ha tilstrekkelig organisatorisk og administrativ kapasitet og kompetanse til å kunne drive et slikt prosjekt. Kommuner, sammenslutninger av flere kommuner, og fylkeskommuner vil bl.a. tilfredsstille disse kravene. Programmet er geografisk avgrenset til de 61 kommunene som er omfattet av regionale planer. Fylkeskommunene vil være en viktig aktør for samspillet med handlingsprogrammene i de regionale planene. Mindre aktører som reiselivslag, frivillige lag og foreninger, grunneierlag og enkeltpersoner med gode ideer, men som ikke fyller kravene til hovedprosjekteiere, kan eventuelt gå sammen med kommuner eller andre større aktører i en søknad om hovedprosjekt. Prosjektene bør ha samarbeidspartnere som representerer ulike interesser i arbeidet, f. eks fra forvaltning, utdanning, grunneiere og reiseliv. Kjelde: [Villrein.no](http://Villrein.no)

**Delmål 3:** Programmet skal utvikle og spre kunnskap om villreinen og villreinfjellet til ulike målgrupper.

Desse prosjekta har fått støtte i 2017/2018 – søknadsfrist 1. september 2017

- *Velkommen til villreinfjellet.* Prosjekteigar: Buskerud fylkeskommune
- *Tettare på villreinfjellet.* Prosjekteigar: Nore og Uvdal kommune
- *Villreinfjellet Rondane som verdiskaper.* Prosjekteigar: Oppland fylkeskommune
- *Kunnskap om villrein og villreinfjellet.* Prosjekteigar: Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fajordheiane
- *Villreinløypa.* Prosjekteigar: Gudbrandalsmusea AS.
- *Dovrefjellaksen – samarbeid om formidling.* Prosjekteigar Trøndelag fylkeskommune
- *Forollhogna – det hele fjellet.* Prosjekteigar: Nasjonalparkstyret for Forollhogna

Informasjon om prosjektet *Kunnskap om villrein og villreinfjellet.* Prosjekteigar:  
Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fajordheiane

Verneområdestyret i SVR har fått tilskot på inntil 4 millionar kroner frå Miljødirektoratet frå det nasjonale programmet *Villreinfjellet som verdiskapar*. Det er eit vilkår at verneområdestyret klarer å skaffa tilsvarende sum sjølv i form av pengar, eigen arbeidsinnsats og/eller materiell. Verneområdestyret har søkt kommunane som er med i verneområdet om kr. 25.000 kvar årleg i fire år og dei tre fylkeskommunane kvar om kr. 100.000 årleg i fire år. Totalbudsjettet er på 9.6 millionar kroner.

Hovudføremålet med prosjektet er å auka kunnskapane om villreinen og villreinfjellet. Hovudprosjektet er delt i fire delprosjekt kor to av delprosjekta, *Møteplass og Villreinfjellet* og *Sti- og løypeplanar* samsvarar med handlingsprogrammet 2015 – 2018 til Heiplanen. Dei to andre delprosjekta er *Kunnskap om villrein og villreinfjellet til barn og unge* og *Villreinen og kulturarv*. Delprosjektet *Villrein og kulturarv* rettar seg mot reiselivsnæringa og skal bruke kunnskapar om kulturminne og kulturarv knytt til villreinen og villreinfjellet til å utvikla aktivitetar og opplevingar retta mot reiselivsmarknaden.

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
Vurdera om regionalpark er noko for Setesdalsheiane	Arbeidsgruppa som er sett ned av klima- og miljøminister Tine Sundtoft for å greia ut om europeisk villreinregion skal vurdera om regionalpark er aktuelt. Styringsgruppa på studietur 22. – 25. oktober 2010 til England, for å læra meir om regionalpark konseptet. Rapporten frå studieturen ligg på <a href="http://www.heiplanen.no">www.heiplanen.no</a> Når rapporten er klar, skal det vurderast om regionalpark er noko for Setesdalsheiane.	50.000	KLD FKane	2016


Status: Det er ikkje gjort noko arbeid på dette anna at regionalpark vart vurdert av arbeidsgruppa som greia ut om etableringa av europeiske villreinregionar.

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
Beitebruk i heile heia.	Dette heng saman med forvaltingsplanen til SVR som ynskjer aktiv beitebruk i heia. Føremålet er å legge til rette for auka og god beitebruk. Det heng saman med målet om levande bygder og lokalsamfunn. innovasjonsdialog med sauenaeringa og forskinga for å drøfte kva som kan gjerast for å få til ein aktiv og berekraftig beitebruk i heile heia.	30.00	FKane	2016

Det er ikkje gjort noko arbeid og ikkje brukt pengar på dette tiltaket.

#### Status beiting i heia

Kvar beitar sau i Heiplanområdet: Data om beitebruk finnast på Norsk institutt for bioøkonomi, NIBIO, si heimeside. Norsk Institutt for skog og landskap (gjekk inn i NIBIO i 201?), har sidan 2002 hatt ansvaret for å drifta informasjonssystem for beitebruk i utmark (IBU). Dette er ei internettseite som viser kartfesting av beitelag organisert gjennom stønadsordninga organisert beitebruk. Ved sida av beitelagsgrenser blir det vist kor mange dyr som er sleppt og kor mange som er tapt.



Kor mange sau beitar i Heiplanområdet og blir det færre eller fleire sauер i heia?

## Kunnskapsbasert planlegging og utvikling

Mål, Produsera kunnskap som medverkar til ei heilskapleg arealforvalting.

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
GPS prosjektet 2013 - 2017. Villreinprosjekt i Setesdal Ryfylke villreinområde	Mål: Auka villreinen sin bruk av villreinområdet og då særleg i sørlege og vestlege delar av heia. Oppfølging av avslutta GPS prosjekt 2006 - 2010. Tema: Bestandsforvalting og auka tettleik av villrein i sørrområdet. Korleis auka trekkaktiviteten nord- sør og aust – vest? Kva rolle spelar vegane over Brokke-Suleskard og mellom Setesdal-Ryfylkeheiane og naboområda Hardangervidda og Setesdal Austhei Fersel i Setesdal Ryfylke, konflikt med villrein og avbøtande tiltak.	Eigen finansiering med mange partar	FM Vest-Agder Fagleg: NINA	2013- 2017

**Status:** Delar av prosjektet blir vidareført i Ren/Rein prosjektet – Renewable Reindeer  
<https://www.nina.no/english/Research/Projects/Renewable-Reindeer>

I staden for å testa ut i felt kva rolle stenging av vegr og turistløyper spelar for villreinen blir det laga modellar som blir analysert med bruk av GIS system.

Eit overordna mål for GPS prosjektet 2013 – 2017 er å få villreinen til å bruka ein større del av heirområdet og prosjektet har sidan starten hatt tre ulike arbeidsgrupper som har jobba med:

Bestandsforvalting

Brokke- Suleskarvegen

Blåsjø-Svartevassmagasinet og Store Urar.

Arbeidsgruppene oppsummerer arbeidet med tilrådingar til forskarane om kva avbøtande tiltak for reinen ein ynskjer å få modellert potensielle effektar av, og i kva rekkefølgje ein ynskjer dei prioritert.

## Oppsummering

Det kjem ein prosjektrapport i løpet av 2019.

## **Varslingsrutiner**

Mål: *Unngå konfliktar mellom villreinen, ferdsel og aktivitetar*

Tiltak	Skildring	Økonomi	Initiativ/hovudansvar	Tid
	<i>Det skal etablerast rutiner der aktuelle organ løpende varsler kommunene og ansvarlig instans for løypekjøring når reien nærmer seg områder med oppkjørte skiløyper. Løypekjøringen skal stanse ved fare for konflikt. Kjelde: Heiplanen</i>	Eigen innsats	Kommunane	

Status: Det er laga varslingsrutiner for Bykle kommune. Det er gjort i samband med Adaptiv løypekøyringsprosjektet. Dette prosjektet er ein del av prosjektet Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell. Desse skal testast i prosjektperioden og vil vera eit godt grunnlag for meir generelle rutinar.

15. august 2019



Arkivsak-dok. 19/06876-4  
Saksbehandler Bjørg Hellem

Saksgang  
Fylkesutvalget

Møtedato 03.09.2019  
Saknr

**SETESDAL VESTHEI, RYFYLKEHEIANE OG SETESDAL AUSTHEI  
(HEIPLANEN) - FORSLAG TIL REVIDERT HANDLINGSPROGRAM  
2020-2024**

**Fylkesrådmannens forslag til vedtak**

Forslag til handlingsprogram 2020 – 2024 til Heiplanen vert sendt på høyring med høyringsfrist 15. oktober 2019

**Vedlegg**

Forslag til handlingsprogram 20-2024, Heiplanen  
Status og vurderingar av gjennomføring av handlingsprogrammet 2015-2018 til Heiplanen

## **Sammendrag**

Det er forslag om å revidera handlingsprogrammet til Regionalplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, korta til Heiplanen. Det er gjort ei vurdering av gjennomføringa av handlingsprogrammet 2015 – 2018. Vurderinga ligg med som vedlegg. Det er utarbeida eit forslag til handlingsprogram for perioden 2020 – 2024. Handlingsprogrammet skal på ei høyring før det blir endeleg godkjend av fylkestinga.

## **Saksopplysninger**

Sakframlegget er likt for dei fem fylkeskommunane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Vest-Agder- og Aust-Agder.

Regionalplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, kalla Heiplanen, blei endeleg vedtatt og godkjend i fylkestinga i Rogaland, Hordaland, Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark våren 2012. Miljøverndepartementet stadfesta planen i brev dagsett 14. juni 2013. Planområdet omfattar 18 kommunar og fem fylkeskommunar. Frå 1. januar 2020 fire fylkeskommunar. I Vest-Agder er kommunane Sirdal, Kvinesdal, Hægebostad og Åseral med i planen. Desse heiane er eit av ni prioriterte villreinfjell i Noreg. Intensjonen med planen er å ivareta samanhengande leveområde for villreinen samstundes som kommunane legg til rette for samfunns- og næringsutvikling i kommuneplanane.

Meir informasjon om Heiplanen er her: <https://www.vaf.no/media/5097065/heiplanen-trykk-200514.pdf>

Forslag til handlingsprogram for perioden 2015 – 2018 blei godkjend av fylkestinga i 2015.

Vedtak:

- 1. Aust-Agder/Vest-Agder/Telemark/Rogaland/Hordaland fylkeskommune anbefaler at udisponerte midler til gjennomføring av Heiplanarbeidet kr. 800 350 disponeres til gjennomføring av Heiplanens handlingsprogram.*
- 2. Aust Agder fylkeskommune er i henhold til planen koordinerende fylkeskommune, og påtar seg ansvaret for forvaltningen av midlene som avsettes til gjennomføring av handlingsprogrammet. Heiplanens arbeidsutvalg gis myndighet til å disponere midlene i henhold til gjeldende handlingsprogram for Heiplanen. Midlene skal disponeres over flere år.*

## **Utarbeidning av forslag til nytt handlingsprogram**

Forslaget er basert på vurderingsrapporten som gir status i gjennomføringa av handlingsprogrammet 2015 – 2018 og innspel og idear frå ein arbeidsverkstad i januar 2019 med eit mangfold av aktørar. Ideane og innspela frå arbeidsverkstaden er foredla av fagfolk i fylkeskommunane til eit forslag til handlingsprogram 2020 – 2024. Forslag til revidert handlingsprogram har større søkelys på bygde- og næringsutvikling enn handlingsprogrammet 2015 – 2018.

## **Forslag til handlingsprogram 2020 – 2024**

Forslag til handlingsprogram 2020 – 2024 har dei same satsingsområda unntatt *Varslingsrutiner*, som i handlingsprogrammet 2015 – 2018. Satsingsområdet

*Varslingsrutiner* er tatt ut sidan det er ein del av forsøket med adaptiv løypeforvalting i Bykle kommune. Satsingsområda er forankra i Heiplanen. Dette er satsingsområda:

- Heilskapleg arealforvalting
- Kommunal planoppfølging
- Bygde- og næringsutvikling
- Kunnskapsbasert planlegging og prosjekt

Forslaget til handlingsprogram er konkretisert med forslag til tiltak, økonomi og kven som har ansvaret for å setja gong tiltaka under kvart av satsingsområda. Fleire av tiltaka er tenkt som samarbeidsprosjekt og forprosjekt.

Det som står att per 1. juli 2019, er kr 663.543 til gjennomføring av handlingsprogrammet. Det er Aust-Agder fylkeskommune, frå 1. januar 2020 Agder fylkeskommune, som forvaltar desse midlane, jf vedtaket då handlingsprogrammet 2015 – 2018 vart godkjend. Kva som krevjast av økonomiske ressursar og arbeidsressursar til gjennomføring av handlingsprogrammet, blir vurdert og greia ut når handlingsprogrammet 2020 – 2024 skal godkjennast av fylkestinga etter høyringa. Gjennomføring av handlingsprogrammet krev at ressursane til gjennomføring vert integrert i økonomi- og budsjettplanlegginga til fylkeskommunane.

## **Økonomiske konsekvenser**

Fylkeskommunane har kr 663.543 til gjennomføring av handlingsprogrammet 2020-2024. I tillegg må enkelprosjekt finansieres etter søknad.

## **Konklusjon**

Forslag til handlingsprogram for Heiplanen 2020-2024 er ei god oppfølging av Heiplanen, og fylkesrådmannen rådar fylkesutvalet til å godkjenne at forslag til handlingsprogram for Heiplanen 2020-2024 vert sendt på høyring.

Kristiansand, 15. august 2019

Kristin Tofte Andresen  
Fylkesrådmann

Kenneth Andresen  
regionalsjef



## Saksprotokoll

### Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane - Forslag til revidert handlingsprogram

Arkivsak-dok.	19/06876		
Saksbehandler	Bjørg Hellem		
<b>Behandlet av</b>		<b>Møtedato</b>	
1 Fylkesutvalget		03.09.2019	<b>Saknr</b>
			69/19

### Fylkesrådmannens forslag til vedtak

Forslag til handlingsprogram 2020 – 2024 til Heiplanen vert sendt på høyring med høyringsfrist 15. oktober 2019

---

**Fylkesutvalget har behandlet saken i møte 03.09.2019 sak 69/19**

#### **Votering**

Fylkesrådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

#### **Fylkesutvalgets vedtak**

Forslag til handlingsprogram 2020 – 2024 til Heiplanen vert sendt på høyring med høyringsfrist 15. oktober 2019



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
fmavjh@fylkesmannen.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/8109-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 26.09.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	40/19	04.10.2019

### **Søknad om landingsløyve for helikopter samt dispensasjon frå ferdsselsforbod. Bratteland og Dysje jaktag. SVR og Steinsbuskardet - Hisdal biotopvernområde. Bykle kommune.**

#### Vedlegg

- 1 CCF24092019\_0000
- 2 CCF24092019\_0001
- 3 CCF24092019\_0002

#### **Forvalters innstilling**

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 5.4.a og *Forskrift om vern av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde* kap. 3.4.a, får Bratteland og Dysje jaktag v/Anders Bratteland løyve til landing med helikopter for henting av felt elg og hjort i området teikna inn på kartet i saka. Løyvet gjeld for inntil 5 landingar i perioden 25.9 – 15.10.

Med heimel i *Forskrift om vern av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde* kap. 2.4 får jaktlaget løyve til ferdsel til fots for jakt på elg og hjort i den delen av Steinsbuskardet sone A som inngår i jaktområdet. Løyvet gjeld for maksimalt 7 personar og for perioden 25.9 – 15.10. Løyvet gjeld og for ferdsel med båt på Botnvatn i Steinsbuskardet sone A.

Løyvet gjeld for perioden 2019 - 2022

#### Andre vilkår:

- Ved flyging i verneområda skal ein så langt som råd fly høgare enn 300 meter over bakken. Det skal også nyttast kortaste veg mellom landingsplassane.
- Innehavar av løyvet må også søke landingsløyve frå Bykle kommune samt ha samtykke frå råka grunneigarar.
- Flyging inn i sone A Steinsbuskardet skal meldast til oppsynet i forkant



- Om det vert observert villrein i området for landing med helikopter skal transporten utsettast til faren for uroing av dyra ikkje lenger er til stade.

Løyvet kan trekkast tilbake på kort varsel om omsynet til viltet tilseier det.

Arbeidsutvalet leggvekt på det gjeld eit fåtal landingar der det ikkje er gode alternativ til bruk av helikopter. I praksis vil det ikkje auke ferdsla i området utover dagens nivå. Jakta går føre seg i ein periode på året då dyra i liten grad kryssar i vestre ende av Bossvatn. Arbeidsutvalet kan ut i frå dette ikkje sjå at tillating til ferdsel stirr mot verneføremålet i *Forskrift om vern av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde* kap. 2.4. Til grunn for avgjerda legg arbeidsutvalet også vekt på at det i verneforskrifta for Steinsbuskardet kap. 1.2.g er tillate med jakt etter viltlova sine reglar. I verneforskrifta kap. 3.4.a er det også gjeven ein spesifisert dispensasjonsheimel for å tillate bruk av helikopter for henting av felt storvilt. Ut i frå dette må også sjølv jakta kunne tillatast i eit avgrensa omfang.


## Saksopplysninger

Bratteland og Dysje jaktlag v/Anders Bratteland har søkt om landingsløyve for helikopter i område som ligg delvis i landskapsvernombjørde SVR og Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernombjørde. Sjå vedlegg 1 – 3. Føremålet er frakt av felt elg og hjort. Det er særslig ulendt i delar av jaktområdet. Det er ikkje søkt om eit bestemt tal turar, men laget har dei siste åra hatt fellingsløyve på 4 elg og 5 hjort.


I Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernombjørde sone A gjeld det ferdelsforbod heile året. Søknaden har difor aktualisert problemstillinga som styret drøfta under synfaringa på Brotteli 11.6.2019. Saka vert også handsama som dispensasjon frå det generelle ferdelsforbodet i sona A, gjeven i verneforskrifta kap. 2.1. I e-post. datert 1.10.19 opplys jaktlaget at det er frå 2 – 6 jegerar som jaktar i desse områda, og at jakttida i praksis er 25.9 – 1.10.



Kart over området det vert søkt om landing og ferdsel:



Kart som syner dei ulike verneområda med soner. Jaktområdet med stipla blå line:





### *Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forskrift om vern av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfaldslova.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane fra 2015

### *Heimelsgrunnlag*

Føremål Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde ref. verneforskrifta kap. 3:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Landing med helikopter er regulert av verneforskrifta der det av kap. 5.1.c går fram at start og landing med motordrivne luftfartøy er forbode. Av kap. 5.4.a går det fram at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gi løyve til frakt av felt storvilt.

Føremål Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde ref. verneforskrifta kap. 3:

Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde har til føremål å sikre eit særsviktig heilårs leveområde med trekkvegar og kalvingsområde for villrein i Setesdal Vesthei.

Landing med helikopter er regulert av verneforskrifta kap. 3.1. Her går det fram at motorisert ferdsel på land er forbode. Etter kap. 3.4 a kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til luft- og snøscootertransport for frakt av felt storvilt. Ref. kap. 3.5 skal all lufttransport meldast til oppsynet før transporten tek til.

Med nokre unntak er all ferdsel forbode heile året i sone A Steinsbuskardet, ref. verneforskrifta kap. 2.1. I sone B Hisdal er all ferdsel forbode i perioden 25. april – 31. mai. Av verneforskrifta kap. 2.4 går det fram at forvaltningsstyresmakta kan gje unntak frå ferdelsforbodet når det ikkje stirr mot verneføremålet.

Landing med helikopter i dei nemnde verneområda og ferdsel til fots i Sone A Steinsbuskardet er i utgangspunkt forbode. Søknaden vert difor handsama etter dei spesifiserte dispensasjonsbestemmingane omtala ovanfor.

Ein skal merke seg at ferdelsforbodet i Sone A Steinsbuslaret også gjeld all ferdsel på vestre del av Botnsvatn. I praksis vil det regulere ferdsel med båt i denne delen av magasinet.

### **Vurdering**

Ferdelsforbodet i Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde har vore drøfta i ulike samanhengar, seinast under verneområdestyret si synfaring til Brotteli 11.6.2019. Diskusjonen gjekk mellom anna på kva grunneigar (Statskog) ser føre seg å gjera av vedlikehald og opprusting av bygningane på Brotteli, gjeven de avgrensa moglegheitene for ferdsel i området. Verneområdestyret signaliserte i styremøtet 12. juni at det i verneforskrifta ligg eit visst handlingsrom for forsiktig bruk av nærområda til Brotteli og tiltak som kan sikre kulturlandskap og ivaretaking av bygningar.

Når det gjeld ferdelsforbodet er verneforskrifta noko uklar på dette punktet. Av kap. 1.2.g går det fram at reglane i kap. 1.1 (naturmiljøet) ikkje er til hinder for «Jakt etter viltlova sine reglar».



Seinare i forskrifta finn ein eit generelt ferdsselsforbod i sone A Steinsbuskardet heile året. Forståinga av dette har vore drøfta med jurist i Miljødirektoratet. Deira klare oppfatning er at ferdsselsforboden går føre opninga for jakt etter viltlova sine reglar. Det er også i tråd med tolkinga i forvaltningsplanen kap. 3.8.4. Verneforskrifta inneheld også ein spesifisert dispensasjonsheimel for å tillate bruk av helikopter for henting av felt storvilt. Då må ein også kunne tillate jakt av eit avgrensa omfang.

#### Tidlegare saker

Jaktlaget har tidlegare fått løyve til landingsløyve for helikopter i desse områda. Seinast for perioden 2015 – 2018. Problemstillinga kring ferdsselsforboden i sone A Steinsbuskardet var ikkje ein del av saka.

#### Vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8 - 12

Etter § 7 i Naturmangfaldslova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane

#### Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)).

Etter at Blåsjø vart regulert er Steinsbuskardet einaste attverande trekkområda for villrein mellom nord og sør- områda. På tross av dei strenge ferdsselsrestriksjonane er det likevel særslit trekkaktivitet, og då i hovudsak heilt vest i Steinsbuskardet mellom Vestre Gyvatn og Storevassdammen. Årsaka til at dyra i liten grad nytter denne korridoren heng truleg saman med anna infrastruktur i området (linenett, Storsteinen turisthytte og ferdsel på merka stiar der ferdsselsforboden ikkje gjeld). Truleg heng det også saman med ferdsel på veg til Store Urevatn som gjennom sommar/haust er ein effektiv barriere for at dyra kjem inn mot Steinsbuskardet.

Kartet nedanfor syner GPS-merka dyr i månadane då det er aktuelt med elg og hjortejakt i Steinsbuskardet (september – november). Som ein ser er det berre registrert dyr i høgda sør for Botnvatn, samt i nemnde trekkorridor ved Storevassdammen. I månadane mai – juli er det registrert trekkaktivitet i vestre ende av Bossvatn og det kan då gjerne gå dyr heilt ned mot magasinet. Dette er også tråd med observasjonar gjort av SNO. Det gir likevel ikkje det heile biletet då ein veit at det er merka få bukkar og at desse gjerne er noko meir tålsame for ferdsel og fysiske hindre. I tillegg må ein sjølvsagt ha i mente at GPS-merkinga gir eit augeblicksbilet i villreinsamanhang og at den totale stammestørleiken vil spele inn på trekkaktiviteten.

For øvrig del av området det vert søkt om landing og ferdsel finn ein villrein gjennom det meste av året.



Så langt forvalningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikke registrert informasjon om andre prioriterte artar, trua eller nær trua artar på «Norsk rødliste» i området. Det er heller ikke funne informasjon om utvalte naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på «Norsk rødliste for naturtypar». Det har heller ikke kome fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

#### *Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).*

Det er store tekniske inngrep i desse områda med Blåsjø og Storevassdammen i vest og Botsvatn i aust. Gjennom Steinsbuskardet går også to større overføringsliner. Sør for Botsvatn og gjennom Steinsbuskardet ved Storevassdammen går det ei merka turistløype. Utover ferdsel på turistløypene er det lite anna ferdsel i dei aktuelle områda, i første rekke avgrensa til enkelte hytter og driftshusvære langs nord-vestre del av Botsvatn.

Helikoptertransporten det er søkt om har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at ein ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert sett, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på motorferdsla i området.

Som nemnd har det tidlegare vore gjeven landingsløyve for helikopter til desse områda for henting av felt elg og hjort. Vert dyra felt i nærleiken av Botsvatn går transporten ut med båt. Det har vore jakta også i området med ferdelsforbod men det har sjeldan vore naudsynt å hente ut felte dyr med helikopter i sone A Steinsbuskardet.

#### *Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Skal ein først jakte i desse kuperte og vanskeleg tilgjengeleg områda er det få gode alternativ til bruk av helikopter, i alle fall når dyra vert felt langt frå magasinet.



### *Andre vurderingar*

I særlege tilfelle kan det dispenserast frå ferdsselsforbodet i Steinsbuskardet sone A om det ikkje stirr mot verneføremålet. Her er ivaretaking av trekkvegar det vesentlege. Trekkaktiviteten gjennom Steinsbuskardet er i første rekke knytt til vestleg område kring Storevassdamen. Som nemnd kryssar dyra også i vestenden av Botnsvatn men då i hovudsak tidlegare på året. Ferdsla og landingsløyvet det er søkt om i denne saka gjeld for eit avgrens tal dagar og landingar, og for eit avgrensa tal personar. Det er ei vidareføring av ein praksis som har vore og som ein ikkje kan sjå har gått utover verneføremålet.

Det vert arbeida med å regulere ferdsla på veg til Store Urevatn nord for Botnsvatn. Om effektane av dette fører til større trekkaktivitet i Steinsbuskardet vil tida syne. I eit slikt perspektiv er det viktig at ein held ferdsselsaktiviteten i heile Steinsbuskardområdet på eit lågt nivå slik at ikkje dyra støyter på nye stengsler der.

### **Konklusjon**

Det vert gjeven løyve til ferdsel og landing med helikopter slik det er søkt om. Det vert lagt vekt på at det gjeld eit fåtal landingar der det ikkje er gode alternativ til bruk av helikopter. I praksis vil det ikkje auke ferdsla i området utover dagens nivå. Jakta går føre seg i ein periode på året då dyra i liten grad kryssar i vestre ende av Botnsvatn. Forvaltar kan ut i frå dette ikkje sjå at tillating til ferdsel stirr mot verneføremålet i Forskrift om vern av Steinsbuskardet – Hisdal biotopvernområde kap. 2.4. Til grunn for avgjerda legg forvaltar også vekt på at det i verneforskrifta for Steinsbuskardet kap. 1.2.g er tillate med jakt etter viltlova sine reglar. Forskrifta gir og ei opning for å gi dispensasjon for henting av felt storvilt med helikopter.

Løyvet kan gjevest for perioden 2019 – 2022.

**SØKNADSSKJEMA FOR TRANSPORT MED MOTORISERT FERDSEL I OG  
UTANFOR VERNEOMRÅDA  
I ROGALAND, AUST OG VEST AGDER FYLKE.**

**Generelle opplysninger**

Søkar..... Bratteland og Dysje Jaktlag v/Anders Bratteland  
Adresse..... Setesdalsvegen 3495  
Postnummer og stad ..... 4748 Ryssstad  
Tlf. .... 917 36 339 E-post.... abratteland@gmail.com

Kva type transport er det du søker om? (sett kryss)

- helikopter
- snøskuter
- noko anna motorisert (kva?).....
- Søknaden gjeld IKKJE innan verneområde

Søknaden gjeld for følgjande verneområde? I så tilfelle sett kryss

- Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernombane
- Dyraheio landskapsvernombane
- Kvanndalen landskapsvernombane/Holmevassåno biotopvernombane
- Lusaheia landskapsvernombane
- Vormedalsheia landskapsvernombane
- Frafjordheiane landskapsvernombane
- Hovden landskapsvernombane
- Steinbuskardet- Hisdal biotopvernombane
- Holmevassåno biotopvernombane
- Vidmyr naturreservat
- Lislevatn naturreservat
- Ljosdådalen naturreservat

Søknaden gjeld gnr 8-9/bnr..... i ..... Bykle ..... kommune.

Er søker hjemmelshaver på eiendommen  ja  nei. Viss nei, må skriftlig leieavtale legges ved.  
Finnes det flere løyver knyttet til eiendommen?

Søknaden gjeld også for ( nærmeste familie som ektefelle, sambuar og  
barn)..... (maksimalt eitt køyretøy per tildelt  
tur).

- skal det leigast inn ein anna person som skal utføra transporten for deg (sett kryss)

### Formål

Utdjup formålet (antal transportar og periode, det kan maksimalt gjevast løyve for fire år med inntil 8 transporter pr. år med snøskuter (løyvet følger kommunalpolitisk periode)

Til å få ut elg og hjort i jahita  
då det kan vere vanskelig å få heim  
utan helikopter enkelte plasser

Transportstrekning (startpunkt og endepunkt, kart må leggast ved)

Sjø vedleggs.....

### Andre opplysningar

.....  
.....  
.....

(Legg om nødvendig med fleire opplysningar og dokumentasjon)

Stad Flårenden Dato 24/9-19  
Underskrift Anders Hilde Bratteland

**Søknaden skal sendast til den kommunen der transporten skal gjennomførast.** Dersom transporten går gjennom fleire kommunar, er det nok å sende søknaden til ein av kommunane.

Søknaden vil først bli handsama av det regionale verneområdestyret etter verneforskrifta for det aktuelle området, Naturmangfaldlova og gjeldande forvaltingsplanar dersom slike er utarbeidde. Søknaden vil deretter bli handsama av den aktuelle kommunen etter Lov om motorferdsel i utmark og islagde vassdrag, kommunale retningslinjer og Naturmangfaldlova.

- **Søknadar må sendast inn seinast tre – 3 - veker før løyvet skal takast i bruk.**

[www.svr.no](http://www.svr.no)

[post@svr.no](mailto:post@svr.no)

Norgeskart

Kulevannet

Neslands-

Djupefjord

1335

Eggine

1340

1405

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

1394

**AU 41/19 Eventuell**